



GRUNNLOVSJUBILEET
1814-2014



1814

DET UTRULEGE ÅRET

1814

DET UTRULEGE ÅRET

Professor Øystein Sørensen

Den 1. januar 1814 var Noreg underlagt Danmark. Alle viktige avgjerder som galdt Noreg vart tekne i den danske hovudstaden, København. Staten var eit einevelde. Eitt år seinare såg ting ganske annleis ut. Noreg var ein sjølvstendig stat – rett nok i union med Sverige, men med stor grad av indre sjølvstyre, eigen hovudstad og eit heilt nytt politisk system. Korleis gjekk dette til?

Grunnlova av 17. mai stod i sentrum for hendingane i Noreg i 1814. På nokre få veker vart det utarbeidd ei forfatning på Eidsvoll som var ei av dei mest liberale i samtida. Endå om ein union med Sverige ikkje var til å koma frå, lukkast det Noreg å halda på grunnlova og ei stor grad av sjølvstende – ikkje minst takk vere den mjuke framgangsmåten til den svenske tronfylgjaren Carl Johan.

Denne framstillinga av året 1814 baserer seg på ei utgjeving frå 1989, då Noreg feira 175-årsjubileum for Grunnlova. Historia er den same, men seinare års forskning har mellom anna lagt noko større vekt på verdien av stormaktspolitikk og den svenske tilnærminga til Noreg.

Året 1814 var eit utruleg år. Av mange vart det òg kalla eit mirakelår, for ikkje mange nasjonar kan visa til ei slik drastisk forvandling på eitt år. Men 1814 markerte berre starten. I 2014 kan vi feira 200-årsjubileum for den norske grunnlova, og 200 år med demokratisk utvikling i Norge.

*Produsert av Stortinget.
Redigert av stortingsarkivet.
Grafisk design: Harald Trollsaa.
Trykk: Stortingets hustrykkeri
Til brosjyren høyrer det med ei plakatutstilling. Denne ligg til fri bruk på nettsidene til grunnlovsjubileet (www.grunnloven200.no) under «Verktøy» – «Plakatutstilling».*

*Midten på framsida: Eidsvold 1814 av Oscar A. Wergeland, 1885. Foto: Teigens Fotoatelier. Stortinget
Utsnitt av Grunnlova av 17. mai 1814. Foto: Vidar M. Husby, Stortingsarkivet
Midten bak: 17. mai-feiring med tog forbi Stortinget mot slottet. Scanpix*



1. Bondemand af Hardanger.
Teikning av Johan Friedrich
Leonhard Dreier. Norsk
Folkemuseum

2. Utsikt fra Ekeberg av Peder
Andersen Balke, 1829. Oslo Museum

3. Dragter fra Grans Herred i
Tellemarken 1821. Teikning av
Johan Friedrich Leonard Dreier



1

EIT SAMFUNN AV BØNDER

Det norske samfunnet i 1814 var eit bondesamfunn. Dei fleste bøndene åtte litt jord sjølve. Det fanst storbønder sjølvsagt, men i det store og heile var bøndene i Noreg meir like enn i noko anna land i Europa.

Noreg hadde ingen adel å snakka om i 1814. Dette skilde det norske samfunnet frå dei fleste andre europeiske landa.

Byane var òg smålatne. I alt budde det berre 900 000 menneske i Noreg. Berre ti prosent av dei budde i byar. Bergen var den største byen, med 18 000 innbyggjarar. I Christiania, som vart hovudstad i 1814, budde det kring 10 000 menneske. Christiania hadde fått det fyrste universitetet i Noreg i 1811.

ELITEN

Det var særleg to grupper som utgjorde det vi kan kalla eliten i Noreg. Den eine gruppa var handelspatrisiatet, dei store næringsdrivande. Det var ikkje så mange av dei, men somme kunne vera rett så velståande. Den andre gruppa var dei statlege embetsmennene: Frå amtmenn (fylkesmenn) og høge offiserar til prestar, futar og sorenkrivarar lenger nede i samfunnet.

I Noreg hadde det vore lite politiske opposisjonsrørsler og krav om sjølvstende. Ved inngangen til 1814 var det få eller ingen nordmenn som såg føre seg ein sjølvstendig norsk stat i oversynleg framtid.

FREDEN I KIEL

I Europa var det ei dramatisk tid. Ut av den franske revolusjonen var det sprunge krigar som hadde rasa nærast ubrote i over tjue år. Men i 1814 gjekk Napoleonskrigane mot slutten.


SVERIGE MOT DANMARK OG NOREG

Ein brei allianse av statar var i ferd med å sigra over den franske keisaren. Danmark-Noreg var hamna på feil side i krigen, på sida til taparen Napoleon. Svenskane derimot høyrde til den sigrande alliansen. Sverige hadde hatt lyst på Noreg i lang tid. Hausten 1813 gjekk svenske troppar til åtak på Danmark sørfrå og truga med å renna over heile Jylland. Den danske kongen Frederik 6. bad om fred.

FREDSAVTALE

Den 14. januar 1814 vart det underteikna ei fredsavtale i Kiel. Noreg vart overdrege frå Hans Majestet Kongen av Danmark til Hans Majestet Kongen av Sverige. Dei gamle norske bilanda Grønland, Island og Færøyane fylgde ikkje med, dei skulle framleis liggja under Danmark.

I Noreg hadde det vore ein del misnøye med regjeringa under Napoleonskrigane. Mange næringsdrivande hadde nær kontakt med England og likte ikkje å verta dregne inn i krigen på sida til Napoleon. Men Kielfreden kom som eit sjøkk.



CARL JOHAN


Det var to store motspelarar i det dramaet som gjekk føre seg i Noreg i 1814. Den eine var Carl Johan (1763–1844). Han var eit ekte eventyr frå den franske revolusjonen. Han heitte opphavleg Jean-Baptiste Bernadotte og var son av ein advokat i Sør-Frankrike.

Bernadotte var ein uvanleg dyktig soldat og steig hurtig i gradene i den franske revolusjonsarmeen. I 1804 nådde han toppen: Han vart utnemnd til marskalk av Frankrike.

Bernadotte vart vald til tronfylgjar i Sverige i 1810. Han tok namnet Carl Johan. Kongen av Sverige var gammal og sjukeleg, og den nye tronfylgjaren greip taumane med éin gong. Då svenskane valde Carl Johan til tronfylgjar, var det av di dei ynskte å alliera seg med keisarriket til Napoleon mot Russland. Russland hadde teke Finland frå svenskane i 1809, og vona var at ein allianse mellom Sverige og Frankrike kunne bringa Finland attende.

EIT UVENTA TREKK

Men Carl Johan gjorde ikkje det svenskane hadde venta. Han vende seg mot den gamle venen sin Napoleon og førte Sverige med i krigen mot Frankrike. Bytet som lokka, var Noreg. Carl Johan grunnla eit nytt dynasti i Sverige. Den noverande svenske kongen er ein direkte etterkomar av den franske revolusjonssoldaten.



1. og 3. Utsnitt av Mossekonvensjonen av 14. august 1814. Foto: Vidar M. Husby, Stortingsarkivet

2. Carl Johan av Carl Henrik von Siver, 1819. Foto: Lars Nerli, Nationalmuseum, Stockholm

CHRISTIAN FREDERIK

Den andre store motspelaren var Christian Frederik (1786–1848). Han var arving til den dansk-norske trona og fetteren til kong Frederik 6. Christian Frederik hørde til dynastiet Oldenburg, som hadde styrt Danmark og Noreg i nesten 400 år. I mai 1813 var krigssituasjonen vanskeleg, og den 26 år gamle Christian Frederik vart send til Noreg som statthaldar.

Christian Frederik var ein sjarmerande mann, entusiastisk og lett å få oppglødd. Han hadde hatt norske vener og rådgjevarar i lenge. Som statthaldar vart han raskt populær i Noreg, og han gjekk med det same i gang med å knyta nye kontaktar. Christian Frederik viste seg òg raskt som ein dyktigare politiskar og administrator enn nokon hadde trudd.



1

1. Christian Frederik av Daniel Hvidt, 1964, etter original av F. C. Grøger, 1814. Stortinget

2. Fem Rigsbankdaler, kalla «prinsesetel», utferda av Christian Frederik i 1814. Foto: Anne-Lise Reinsfeldt. Norsk Folkemuseum

3. Christian Frederik av Johan Ludvig Lund, 1813. Eidsvoll 1814



2



3

OPPRØR

MOT SVENSKANE

Christian Frederik nekta å godta Kielfreden og freista reisa eit opprør i Noreg. Han fekk sterk respons i den norske eliten og sikra seg støtte mellom dei militære. Våren 1814 var det knapt nokon i Noreg som ikkje gav tilslutnad til oppstanden. Tidspunktet for opprøret var tenleg. Carl Johan var oppteken med krigen mot Napoleon nede i Europa og var ikkje budd til å henta det bytet som Kielfreden hadde gjeve han.

NOTABELMØTET

Opprøret til Christian Frederik retta seg mot Kielfreden og mot svenskane. Men i den utovervende propagandaen var ikkje målet å koma attende til den dansk-norske heilstaten. I staden vart kampen reist for Noregs sjølvstende.

Opphavleg hadde Christian Frederik tenkt å lata seg utropa til norsk einevaldskonge i kraft av den gamle arveretten til trona. Men denne tanken fekk liten tilslutnad. Den 16. februar vart det halde eit privat møte på Eidsvoll mellom den danske prinsen og ei utvald gruppe norske stormenn. Møtet er seinare vorte kjent som Notabelmøtet i 1814. Der gjekk Christian Frederik med på å lata seg velja til norsk konge. Det vart avgjort at det skulle kallast inn til ei riksforsamling som skulle velja kongen. Denne forsamlinga skulle òg vedta ny grunnlov for Noreg.

FOLKEEIDEN

Etter dette møtet viste Christian Frederik seg som ein framifrå politisk taktikar. Han ferda ut ei forordning om dette: På ein ekstraordinær bededag skulle norske menn samla seg i kyrkjene og velja utsendingar til Riksforsamlinga. Rett før valet måtte alle sverja

ein eid. Dei måtte «sverge å hevde Norges selvstendighet og våge liv og blod for det elskede fedreland». Ingen kunne nekta å sverja slik eid. Dermed kunne Christian Frederik visa til at heile folket stødde opprøret hans.

RIKSFORSAMLINGA

Den 11. april kom 112 menn saman i ei grunnlovgjevande forsamling, ei riksforsamling. Dei møttest på ein herregard i Eidsvoll, seks mil nord for Christiania. Garden hørde til Carsten Anker, ein næringsdrivande som var ein av dei næraste norske rådgjevarane til Christian Frederik. Herregarden var ikkje spesielt stor og luksuriøs i europeisk målestokk, og mange av representantane måtte innkvarterast under tronge og primitive tilhøve.



1. Heddal stavkirke av Johannes Flintoe. Foto: Jan Haug. Det kongelege hoffet



KVEN SAT PÅ EIDSVOLL?

Av dei 112 medlemene av Riksforsamlinga var 33 valde spesielt mellom dei militære. Dei andre var valde som representantar for landdistrikt og byar. Embetsmennene dominerte forsamlinga, med ein dryg halvpart av medlemene. Men ingen av dei høyrde til dei mest framstående embetsmennene i Noreg. Ei handfull av medlemene var store bruks- og godseigarar, og 14 var kjøpmenn. Christian Frederiks valreglar hadde sytt for at bøndene vart godt representerte, i alt var nærare ein tredjedel av forsamlinga bønder.

EIT LAND UTAN LEIARAR

Mange av eidsvollsmennene var sær s unge. Gjennomsnittsalderen for Riksforsamlinga var 42,8 år.

Ei slik nasjonalforsamling ville vore utenkjeleg i dei fleste andre landa i Europa – kan henda med unnatak av Frankrike i visse periodar under revolusjonen.

Men om vi ser bort frå høvestalet mellom gruppene, var Riksforsamlinga eit spegelbilet av det norske samfunnet i 1814. Noreg var, som ein historikar har sagt det, «et land uten topper, uten ledere». Leiarane måtte skapast under kampen.



*Utsnitt av Wergelands måleri
Eidsvold 1814 og Grunnlova av
17. mai 1814*



FALSEN OG SJØLVSTENDEPARTIET

Den tonegjevande fløya på Eidsvoll var tilhengjarane av Christian Frederik. Dei slutta heilt opp om reisinga mot svenskane og kalla seg Sjølvstendepartiet. Motstandarane kalla dei Prinsepartiet.

Den mest framstående i Sjølvstendepartiet var sorenskrivaren Christian Magnus Falsen (1782–1830). Falsen var pågåande og hissig, svært effektiv i medgang, men vanskeleg å ha med å gjera i motgang. Han hadde ein romantisk vyrndnad for bondestanden.


GRUNNLOVAS FAR

Falsen hadde vore med på å skriva eit viktig utkast til grunnlov for Noreg. Gjennom dette utkastet, og gjennom den leiande rolla han hadde på Eidsvoll, er han vorten kalla «Grunnlovas far». Men han var samstundes tilhengjar av ei sterk kongemakt, og i nyare historieskriving er han òg vorten døypt «Kongemaktas forsvarar».

Ein annan leiar for Sjølvstendepartiet var professor Georg Sverdrup (1770–1850). Sverdrup var oppteken av kulturen frå antikken. Han var ein sterk motstandar av eineveldet og av ein union med Sverige, men han var ikkje heilt framand for tanken om ei norsk sameining med Danmark igjen.

1. Christian Magnus Falsen, utsnitt av Wergelands måleri.

2. Georg Sverdrup av Christian Hornemann, 1813. Foto: Teigens Fotoatelier. Stortinget



WEDEL OG UNIONSPARTIET

I den andre hovudfløya på Eidsvoll var dei meir forsonleg innstilte til svenskane, og dei var skeptiske til Christian Frederik. Av motstandarane vart dei kalla Svenskepartiet, seinare har dei vorte heitande Unionspartiet.

Den sjølvskrivne leiaren for Unionspartiet var grev Herman Wedel Jarlsberg (1779–1840), ein av dei heilt få adelege i Noreg. Wedel Jarlsberg var truleg den representanten på Eidsvoll som hadde størst politisk røynsle og innsikt. Sidan 1809 hadde han hatt kontakt med svenske krinsar, og han hadde arbeidd for ein norsk union med Sverige. Men mykje tyder på at ein slik union fyrst og fremst var eit middel for Wedel. Målet var å verta kvitt eineveldet som politisk system.

WEDEL OG WERGELAND

Då Christian Frederik reiste opprørsfana mot Kielfreden, måtte Wedel og tilhengjarane hans liggja lågt i terrenget. Men på Eidsvoll markerte dei seg sterkt. Dei meinte at ein union med Sverige ikkje var til å koma frå, det var den einaste løysinga som var realpolitisk mogleg. Samstundes mistenkte dei Christian Frederik og tilhengjarane hans for å arbeida for at Noreg på sikt skulle verta knytt til Danmark att.

Ein av dei viktigaste tilhengjarane Wedel hadde var presten Nicolai Wergeland (1780–1848), far til Henrik Wergeland. Mens svenskehatet var ei viktig drivkraft i opprøret til Christian Frederik, var hatet mot danskane eit framstående karaktertrekk hjå Wergeland.



1. Herman Wedel Jarlsberg av Fredric Westin, 1825. Foto: Lars Nerli. Privat eige

2. Nicolai Wergeland av Hans Olaf Halvor Heyerdahl. Foto: Lars Nerli. Stortinget



HOVUDPRINSIPPA

I GRUNNLOVA

På Eidsvollsforsamlinga var det mange synsmåtar på kva slag forfatning Noreg burde ha. Men eineveldet hadde få eller ingen opne tilhengjarar. Den grunnlova som vart vedteken, innebar eit drastisk brot med den gamle ordninga. Eliten på Eidsvoll var intellektuelt oppdregen i København. Men København i 1790-åra var ein stad der nye og framande tankar vart diskuterte blant intellektuelle, og mange var vortne gripne av desse nye tankane.

FOLKESUVERENITET, MAKTFORDELING OG FRIDOM

Den 17. mai 1814 underteikna alle representantane på Eidsvoll ei ny grunnlov for den sjølvstendige staten Noreg, og dei valde Christian Frederik som konge. Dei viktigaste ideane i Grunnlova var radikalt tankegods som fekk gjennomslaget sitt i den amerikanske sjølvstendekrigen og den franske revolusjonen.

NOKRE HOVUDPRINSIPP

Folkesuverenitet. Makta skulle i siste instans liggja hjå folket. Eidsvollsforsamlinga oppfatta seg sjølv som eit uttrykk for dette prinsippet: Som representantar for folket skulle dei gjeva Noreg eit nytt politisk system.

Maktfordeling. Makta i staten skulle vera delt. I den dansk-norske heilstaten hadde kongen vore eineveldig. No måtte den nye kongen, Christian Frederik, dela makta med ei folkevald forsamling. Makta til kongen skulle vera iverksetjande, dei folkevalde skulle fyrst og fremst gjeva lover, skriva ut skattar og løyva pengar. Kongen skulle sjølv utnemna ministrane sine.

Fridom for individa. Alle norske borgarar vart garanterte visse rettar. Viktigast av desse rettane var yringsfridomen. Norske borgarar vart òg garanterte rettstryggleik.

FØREBILETE

Eidsvollsforsamlinga hadde hatt ei rekkje framlegg til grunnlover å arbeida med, og desse framlegga hadde mange utanlandske førebilete. Det førebiletet som fekk mest å seia, var den franske grunnlova av 1791.



1. Eidsvollbygningen 19. mai 1814 av Peder Balke. Foto: Teigens Fotoatelier, Stortingsarkivet



2. Den franske menneskerettsfråsegna, kalligrafert eksemplar. Foto: Lars Nerli, Stortinget

NORSKE SÆRTREKK I GRUNNLOVA

Den norske grunnlova var svært demokratisk, samanlikna med dei fleste av forfatningane i samtida. Røysteretten var knytt til eigedom. Men grensene var sette lågt: Nærare halvta av alle vaksne menn fekk røysterett. Ingen ville gjeva kvinner røysterett i 1814.

STORTINGET

Den nye nasjonalforsamlinga fekk namnet Stortinget, eit namn som tok opp det gamle norske ordet ting. Dei to avdelingane i Stortinget fekk namna Odelstinget og Lagtinget. Også dette var ord som spela på gammal norsk historie.

At embetsmennene hadde ei sterk stode, kom fram på to måtar i Grunnlova: Alle embetsmenn fekk røysterett, og ein embetsmann kunne avsetjast berre etter lov og dom.

Bøndene fekk sitt ved at odelsretten vart skriven inn i Grunnlova. (Odelsrett vil seia at slektningane til ein bonde har fortrinnsrett til å ta over garden til takst, dei har òg løysingsrett i fleire år etter eit sal.) Odelsretten vart sett på som noko særnorsk og som grunnlaget for det frie norske bondesamfunnet.

PARAGRAF 2

Eit skjemmande trekk ved Grunnlova var paragraf 2. Paragrafen nekta jødar å koma inn i riket og konstaterte at jesuittar og munkeordenar ikkje skulle tolast. Spesielt skjemmande verka paragrafen av di han skulle ha innehalde ein generell passus om religionsfridom i Noreg. Men denne passusen forsvann under handsaminga, truleg ved ein rein glipp. Berre unnataka vart ståande att.

1. Utsnitt av den fyrste seglsida i Grunnlova av 17. mai 1814

2. Utsnitt av Grunnlova § 2

3. Blekkhus frå den fyrste stortingssalen. Foto: Anne-Lise Reinsfeldt. Norsk Folkemuseum



STORMAKTENE

AVGJER

Sommaren 1814 måtte det sjølvstendige Noreg føra ein krig mot Sverige. Carl Johan var attende frå krigen mot Napoleon. Og no var han fastrådd på å sikra seg Noreg. Krigen vart ført halvhjarta frå norsk side, og enda med hurtig svensk siger. Christian Frederik vart sett på som feig i enkelte krinsar, det var mange i Noreg som ville kjempa til siste mann.

INGA STØTTE

Men våren og sommaren 1814 var saka i røynda avgjort av stormaktene i Europa. Utsendingane frå Christian Frederik fekk inga støtte til opprøret. Stormaktene hadde gjeve garantiar til svenskane og til Carl Johan, og desse garantiane stod fast – endåtil for Storbritannia, som i grunnen hadde stor sympati for den norske reisinga. Noreg skulle gå inn i ein union med Sverige.

MOSSEKONVENSJONEN

Den 14. august underteikna Noreg og Sverige ei avtale om våpenstillstand i Moss. Avtala innebar at Noreg godtok ein union. Men Kieltraktaten vart ikkje nemnd, og avtala innebar òg at Carl Johan var viljug til å tinga om den nye norske grunnlova. Denne avtala er kjend som Mossekonvensjonen.

Entusiasmen Christian Frederik hadde for det norske opprøret slokna på si side fort. Han vart sjuk og deprimert. Den 10. oktober 1814 abdiserte han formelt som konge av Noreg.

Christian Frederik vart seinare konge av Danmark, under namnet Christian 8. (1839–1848).



1. Hovudbygningen på Moss jernverk ca. 1800. Handkolorert koparstikk basert på teikning av John William Edy. Nasjonalbiblioteket, Biletsamlinga

2. Mossekonvensjonen av 14. august 1814. Foto: Vidar M. Husby. Stortingsarkivet

3. Christian Frederiks abdikasjonsfråsegn av 10. oktober 1814. Foto: Odd Harald Kvammen. Stortingsarkivet

FORSVARET

AV GRUNNLOVA HAUSTEN 1814



Hausten 1814 vart det kalla inn til ekstraordinært («omframnt») storting. I røynda var det tale om ei ny grunnlovgjevande forsamling. Det omframne stortinget skulle tinga med Sverige om vilkåra for union.

TAUDRAGING

Det vart intens taudraging, prega av dyktig manøvrering frå norsk side. Resultata vart svært gode for nordmennene. Svenskane gav opp å trumfa gjennom vilkåra i Kielfreden. Den nye unionen mellom Noreg og Sverige vart laus. Rika skulle ha sams konge, men Noreg fekk fullt indre sjølvstyre. Ei ny norsk grunnlov vart vedteken den 4. november. Denne var ei lett revidert utgåve av 17. mai-grunnlova. Visse endringar var naudsynnte av omsyn til unionen, men desse endringane var berre med på å svekkja kongemakta. Sidan kongen kom til å sitja i Stockholm, kunne han til dømes ikkje føra jamleg kontroll med den norske regjeringa i Christiania.

CHRISTIE

Han som leidde dei norske tingingane hausten 1814, var stortingsrepresentanten Wilhelm Frimann Koren Christie (1778–1849). Christie var jurist og hadde delteke på Eidsvoll, utan å gjera spesielt mykje av seg. Men i tingingane om hausten viste han seg som ein diplomat av høg internasjonal klasse.



1. Wilhelm Frimann Koren Christie, ca. 1820, ukjend kunstnar. Foto: Lars Nerli. Bergen Museum

2. Grunnlova av 4. november 1814. Foto: Vidar M. Husby. Stortingsarkivet

3. Den gamle stortingssalen. Foto: Anne-Lise Reinsfeldt. Norsk Folkemuseum



INDRE VOKSTER ELLER FRIDOMEN I GÅVE?

Historikarane i Noreg har vore usamde om korleis hendingane i Noreg skal forklarast. To tradisjonar har stått skarpt mot kvarandre i godt og vel hundre år.

Den eine tradisjonen legg vekt på at dei grunnleggjande føresetnadene for fridomen og sjølvstendet var lagde innanom Noreg, gjennom indre vokster og mogning i hundreår. Den andre tradisjonen vil leggja hovudvekta på stormaktspolitikk og på maktspel. I ei spissformulering har historikaren Jens Arup Seip (1905-1992) skrive at nordmennene fekk fridomen i gåve i 1814.

Det er ikkje vasstette skott mellom desse tradisjonane. Ingen vil nekta for at ei rekkje ulike element må vera med i ei overordna forklaring på hendingane i 1814: Element knytte til eit internasjonalt, storpolitisk spel, så vel som element knytte til indre nasjonal vokster i Noreg.

GRUNNLOVSKONSERVATISMEN

Om det har vore usemje om å forklara hendingane i 1814, har det derimot vore stor semje i Noreg om å ta vare på Grunnlova.

I 1820- og 1830-åra gjorde Carl Johan fleire forsøk på å endra Grunnlova. Men Stortinget sa blankt nei. Desse framstøytane frå kongen vart oppfatta som urettkome press frå kongemakta og frå Sverige. Det utvikla seg snart ein prinsipiell grunnlovskonservatisme i Noreg: Grunnlova måtte ikkje rørast.

Enkelte endringar er rett nok gjorde med åra. Det illgjetne forbodet mot jødar vart oppheva i 1851. Men den norske grunnlovskonservativismen er vorten tradisjon.



1. Grunnlovsmugge med portrett av Konstitusjonskomiteens formann i 1824, Christian Krohg, på den eine sida og Eidsvollsbygningen på den andre, ca. 1830. Foto: Vidar M. Husby, Stortingsarkivet

2. Carl Johans proposisjon til Stortinget i 1821 med fleire omfattande framlegg til endring av Grunnlova. Stortingsarkivet

3. Konstitusjonskomiteens innstilling av 17. mai 1824, med avvising av alle grunnlovsframlegga. Foto: Vidar M. Husby, Stortingsarkivet



DEN MODERNE STATEN

Den moderne norske staten vart skapt i 1814. Det politiske systemet er rett nok vorte reformert ei rad gonger, det er vorte utvikla i demokratisk retning. Særleg er to reformer viktige.

I 1837 vart det innført eit lokalt sjølvstyre i kommunane. I dag er det eit omfattande kommunalt sjølvstyre i Noreg. Attåt storting og kommunestyre finn vi dessutan fylkeskommunale forsamlingar, fylkesting.

I 1884 var det eit politisk systemskifte, og vi seier gjerne at frå då av var parlamentarismen innført som politisk system i Noreg. Det innebar at kongen ikkje lenger kunne utnemna regjeringa si som han ville, etter 1884 har regjeringa vore avhengig av å ha oppslutnad i Stortinget.

RØYSTERETTEN

Dessutan vart røysteretten gradvis utvida etter 1884. Alle vaksne menn fekk røysterett i 1898, alle kvinner fekk røysterett i 1913. I 1905 reiv Noreg seg laus frå Sverige og valde sin eigen konge. Korkje lova om det kommunale sjølvstyret eller innføringa av parlamentarismen førte med seg grunnlovsendingar. Fyrst i 2007 kom parlamentarismen formelt inn i Grunnlova.

Men Noreg har halde på grunnlova si frå 1814– den eldste forfatninga i Europa som framleis gjeld.



1. Småguttenes flaggtog, Norsk Folkeblad 1870

2. Anna Rogstad, fyrste kvinna på Stortinget i 1911. Stortingsarkivet

3. Barnetog framfor slottet på 17. mai. Scanpix



GRUNNLOVSJUBILEET
1814-2014



WWW.GRUNNLOVEN200.NO